

ÅRSMELDING
«Teatret Vårt»

2001

INNHALD

Teatret Vårt 2001	side 3
Styret si årsmelding	side 4
Generalforsamling	side 4
Resultatrekneskap	side 6
Balanse pr. 31.12.01	side 7
Notar	side 8
Revisjonsmelding	side 10
Repertoar	side 11
Statistikk	side 15
Amatørteaterdrifta	side 16
Personalet ved Teatret Vårt	side 17

TEATRET VÅRT 2001

For Teatret Vårt blei fjoråret ny rekord både når det gjeld mengd framsyningar så vel som talet på publikum. Ikkje noko år tidlegare kan komme opp imot tala frå 2001. Teatret Vårt opplevde store kunstnarlege framskritt. "Flammefjes" vekte nasjonal oppsikt. Mellom anna blei hovudrolleinnehavaren kåra til årets teatertalent av Dagbladet. Samproduksjonen med Det Norske Teatret, "Vakkert", blei ein kritikarsuksess. Stykket hadde eit stort publikum både i Oslo og i Møre og Romsdal og driv no gjestespel i utlandet. "Hedda Gabler" blei også ei framsyning som fekk fram lovorda av meldarar og tilskodarar. Framsyninga gjesta dessutan Trondheim, Drammen og Skien. Alt tyder på at ryet til Teatret Vårt framleis er særst godt.

I tillegg til desse tre hovudframsyningane hadde Molde-kabareten "Deilige utsikter" og Schwittersframsyninga "Vi lever 25 minutter for sent" eit stort publikum. Dette var også kvalitetsproduksjonar som teatret er stolt av å ha hatt på repertoaret. I 2001 produserte teatret dessutan saman med TRP og revygruppa S-M-XL i Ålesund framsyninga "Tilbake til Venus". Her utnytta teatret ledig verkstadkapasitet og teknisk personale samt tok kostnadene ved kostyme, scenografi og material. Andre framsyningar ved Teatret Vårt 2001 var "Sluttspell", "Haugtussa", "Oleanna", "Sitt ned tragiker", "BokaMi", "Berre kjærleik og død", "Teater Allena", "There", "...og barnlige lyst...", "Nei takk, begge deler" og kaféteater - konserter m.m.

Ikkje kunstnarlege kompromiss

Teatret Vårt er særst godt nøgd med aktiviteten og drifta i 2001. Det naudsynte arbeidet pålagt av departementet blei ført vidare frå 2000, utan at ein har måtta kompromissa når det gjeld den kunstnarlege fridomen og den høge aktiviteten. Grunnen til at det har vore mogleg å skaffe fram så radikalt forbetra resultat i drifta, ligg i eit strengt kostnadsregime. Repertoaret har vore samansett av stykke med relativt få medverkande. Dette har redusert kostnadene. I tillegg har teatret fått høgare billettinntekter enn budsjettert. Det har vore tilfelle både i 2000 og i 2001. Teatret Vårt vil fortsette å halde eit strengt regime med omsyn til budsjettering og kostnadskontroll. I tillegg til større økonomisk kontroll kan dette også gje teatret større kunstnarleg fridom fordi rammene er klare og definerte.

Vellukka snuoperasjon eitt år føre fristen Teatret har ved årsskiftet 2001/2002 ein eigenkapital på 826 000 kr. Teatret har med andre ord gått frå å ha ein negativ eigenkapital på 3 millionar kr. til ein positiv på 820 000 kr. i laupet av to år. Dette er eit gledeleg resultat, og som har skjedd utan at aktiviteten har gått ned. Snarare tvert imot: Både i 2000 og i 2001 har talet på framsyningar vore høgare enn tidlegare år, og publikumstala begge åra er om lag 40 % høgare enn tidlegare "normalår". Teatret er særst takksame for den innsatsen dei tilsette har synt i den snuoperasjonen som Teatret Vårt har vore gjennom.

Auka samarbeid

Teatret Vårt legg stor vekt på å utvikle ulike samarbeidsrelasjonar. Ein har tidlegare nemnt samarbeidet med Trøndelag Teater som består i utveksling av framsyningar og frå hausten 2002 også av skodespelarar. Vakkert blei til som ein samproduksjon med Det Norske Teatret, "Tilbake til Venus" som ein samproduksjon med Tom Rasmussen Produksjoner AS og Small-Medium-Extra Large.

Teatret har fellesmøte fleire gonger i året med institusjonane i Møre og Romsdal. Her møter Ivar Aasen-senteret, Operaen i Kristiansund, Jazz- og Bjørnsonfestivalen i Molde, Teaterfestivalen i Ålesund mellom anna.

Teatret Vårt er samarbeidspartnar med Jazzå Teatret og Sunndal Aktivum om Lady Arbutnot på Sunndalsøra. Teatret har kunstnarleg ansvar for å drive fram eit eige Sinclair-spel i Rauma kommune. Teatret samarbeider med Høgskolen i Volda om eit eige undervisningsstilbod i teaterfag retta mot kulturskolen. Ein har innleidd samarbeid med Forskolen for sivile tenestepfiktige på Hustad leir om eit eiga opplegg for valdsførebyggjande teaterarbeid.

Teatret tok frå årsskiftet over ein del administrative oppgåver frå Bjørnsonfestivalen, mellom anna rekneskap og budsjettering. Dette vil knyte dei to institusjonane nærare til kvarandre. (Teatret er ein av stiftarane til festivalen og har ein styrerepresentant i stiftinga.)

Teatret Vårt har styreleiar i Ålesund Teaterfestival. Denne festivalen fekk i 2001 store økonomiske problem.

Administrasjonssjefen ved Teatret Vårt har vore sentral i omstruktureringa av festivalen. Teatret har engasjert seg for at denne viktige

institusjonen får leve vidare.

Teatret Vårt deltar som einaste norske teater i det europeiske nettverket Magic-Net som mottar støtte gjennom EU-kommisjonens "Kultur 2000-program". Prosjektet arbeider med klassiske tekster for et ungt publikum. Her inngår i tillegg til kunstnarleg utveksling også utveksling av teaterpedagogisk kompetanse og kompetanseheving av teaterpedagogar.

Magic-Net er eit internasjonalt samarbeid/utveksling mellom 15 teater som er delvis finansiert av EU. Prosjektet varar 3 år.

Sponsorstøtte

Teatret opplever at talet på sponsorar har auka. Dette er glødeleg og må tolkast som eit signal på at den generelle tilliten til institusjonen har styrkt seg.

Vanskeleg publikumsstatistikk

I løpet av hausten såg om lag 13 000 menneske "Tilbake til Venus" i Ålesund og Bergen. Desse publikumstala er ikkje teke inn i publikumsstatistikken. Det er heller ikkje tala for Vakkert i Oslo. Men det er verd å merke seg at begge desse produksjonane er ein del av den samla aktiviteten, og at dei to prosjekta ligg inne i rekneskapen både på inntekts- og utgiftssida. Dersom dei to framsyningane hadde vore teke inn i statistikken ville teatret passert 50 000 tilskodrar. Teatret Vårt har i brev av 12.10.01 til departementet bede om at det blir gjort greie for kva slags retningslinjer som gjeld i utarbeidinga av publikumsstatistikk for institusjonane. Sidan samproduksjon og samarbeid blir meir og meir vanleg, er det naudsynt å få ein avklaring av dette spørsmålet. Når vi har utelate desse tala frå statistikken, skuldast det først og fremst at tala skal vere moglege å samanlikne. Samstundes må det strekast under at også den aktiviteten som blir generert av samarbeid og samproduksjonar må vere synlege i dei rapportane som teatret kjem med.

Til dømes kan det nemnast at Tilbake til Venus er den viktigaste enkeltfaktoren når det gjeld å forklare auken i billettinntekter i 2001 i høve til det framlagde budsjettet.

Samandrag av statistikken:

	2001	2000
Framsyningar:	393	227
Publikum:	32 307	28 519

STYRET SI ÅRSMELDING

Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

Generalforsamling

Generalforsamling i AS Regionteatret i Møre og Romsdal vart halden i Teaterhuset Forum 7. juni 2001

Tilstades var:

Torild Melheim Strand fullmakt
Møre og Romsdal fylkeskommune

Magne Orten fullmakt
Molde kommune

Leif Lagesen fullmakt
NUMØR

Elles møtte:

Elen Lein styreleiar
Heidi Løklingholm styremedlem
Vivi Sunde styremedlem
Ole Rødal revisor
Carl Morten Amundsen teatersjef
Knut Lidvard Høgset adm.sjef

Rekneskap og årsmelding vart samrøystes vedteke. Generalforsamlinga tok til etterretning kven som var oppnemnde som styremedlemmer.

Styret

Styret hadde i 2001 sju styremøte og handsama i alt 39 saker.

Styret hadde slik samansetjing:

Som representantar frå staten:
Elen Lein styreleiar
Gunnar Hals styremedlem
Heidi Løklingholm styremedlem
Arild Hervik styremedlem
Bjørn Michelsen (fra mai -01) 1. varamedlem
Liv Stette 2. varamedlem

Som representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune:
Ottar Brage Guttelvik styremedlem
Aud Folkestad varamedlem

Som representantar frå Molde kommune:
Per Kåre Trengereid nestleiar
Lars Oltedal varamedlem
Som representantar for dei ansatte:

Vivi Sunde styremblem
Halvard Fiksdal varamedlem/
observatør

Representasjon

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:
Styremedlem Carl Morten Amundsen

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:
Syreleder Knut Lidvard Høgset

AS Reknesparken Sommerteater:
Styreleiar: Reidar Høidal.
Halvard Fiksdal (varamedlem)

Norsk Teater- og orkesterforening:
Varamedlem i styret: Elen Lein

Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2001 har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2001 har vore 1,88 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker.

Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

Økonomien i selskapet

Teatret Vårt hadde i år 2001 eigeninntekter og tilskott på til saman kr 19 288 657. Totalte tilskott utgjorde 16 110 497, fordelt med kr 11 225 000 frå stat, kr 2 405 493 frå Møre og Romsdal fylkeskommune og kr 2 405 700 kr frå Molde kommune. Av dette var kr 184 643 ekstraordinært driftstilskott på grunn av eingongskostnader tilknytt gjennomføring av pensjonsreforma

Teatret Vårt fekk prosjekttilskott frå "Nettverk for scenekunst" på kr 36 0000 for danseframsyninga "There" av Jo Strømgren og tilskott frå "Norsk Kulturskuleråd i Møre og Romsdal" på kr 38 304 for å dekke kostnader med arbeidet med å etablere eit 10 veketal studium i teater og drama.

Driftsresultatet er på i overkant av kr 2 000 000. Resultat av finanspostane er på kr 78 371 som skuldast god likviditet. Ekstraordinære kostnader på kr 205 220 er knytt opp mot avvikling av Reknesparken Sommarsteater og gjeldssanering av Ålesund Teaterfestival. Årsresultatet er på kr 1 906 973.

Av dette vert kr 1 629 998 nytta til å dekkje

inn det akkumulerte underskotet frå tidlegare år. Dei resterande 276 975 kronene vert avsett til reservefond. Dei gode resultatane ved teatret i 2000 og 2001 har medført at kravet om å gjenopprette eigenkapitalen er gjennomført eit år tidlegare enn krevd.

RESULTATREKNESKAP

		2001	2001	2000
	NOTE	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
I Driftsinntekter				
Billett- og programsal	2	2 768 916	2 708 500	2 697 503
Andre inntekter		409 244	342 000	536 520
Driftstilskott		16 110 497	15 891 400	15 390 000
Sum driftsinntekter		19 288 657	18 941 900	18 624 023
II Driftskostnader				
Kostnader arbeidskraft	3, 4, 5	9 797 106	9 913 800	9 892 683
Materialkostnader		744 066	654 200	444 345
Sal- og informasjonskostnader		665 856	584 000	570 143
Andre driftskostnader		2 547 991	2 833 800	2 440 788
Kostnader lokale		1 751 014	1 803 000	1 753 877
Kostnader turne		1 486 734	1 833 600	1 482 500
Vedlikehold og ombyggningskost.		23 413	36 000	31 069
Utstyrskostnader		37 931	45 500	45 368
Avskrivningar		224 000	300 000	300 000
Sum driftskostnader		17 278 111	18 003 900	16 960 773
III Driftsresultat		2 010 546	938 000	1 663 249
IV Finansielle postar				
Finansinntekter		283 592	200 000	116 093
Finanskostnader		205 220	207 500	226 280
Resultat av finansielle postar		78 371	-7 500	-110 187
V Resultat før EOP		2 088 917	930 500	1 553 062
VI Ekstraordinære postar				
Ekstraordinære inntekter		0	0	387 831
Ekstraordinære kostnader	6	181 944	169 500	0
Resultat av ekstraord. postar		-181 944	-169 500	387 831
VII Resultat		1 906 973	761 000	1 940 893

BALANSE pr. 31.12.2001

	NOTE	2001	2000
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler	8	1 409 387	1 240 161
Depositum		0	5 500
Leigebuarinnskot Skrenten		0	0
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen		10 000	10 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival		3 000	3 000
Stiftelsen Shwittersdagene		5 000	5 000
Aksjar Rekneparken Sommerteater	7	0	115 000
KLP		57 777	57 777
Sum anleggsmidler		1 485 164	1 436 438
Omløpsmidlar			
Andre kortsiktige fordringar		2 903 738	2 219 136
Depositum, leigebuarinnskot		360 953	33 344
Debitorar		289 052	327 125
Kasse, bank		13 888	13 609
Sum omløpsmidlar		3 567 630	2 593 214
SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR		5 052 794	4 029 651
Eigenkapital			
Aksjekapital	9	550 000	550 000
Reservefond		276 975	
Akkumulert underskott		0	-1 629 998
Sum eigenkapital		826 975	-1 079 998
Langsiktig gjeld			
Lån Fokus bank		1 558 013	2 486 824
Avantor Sponsoravtale		0	100 000
Sum langsiktig gjeld		1 558 013	2 586 824
Kortsiktig gjeld			
Kassakreditt		0	0
Kreditorar		849 693	986 082
Anna kortsiktig gjeld		132 417	134 230
Skuldig feriepengar m.m.		792 533	837 195
Skuldig offentlege avgifter		893 163	565 317
Sum kortsiktig gjeld		2 667 806	2 522 825
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		5 052 794	4 029 651

NOTAR

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapslova er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak. Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilverkingkost for eigentilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombyttelege finansielle egedelar, lågaste verdi prinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

Note 2: Billettintekter/programsal

	Billett	Program
Kafeteater	22 400	25
Hedda Gabler	684 583	
Flammefjes	189 075	
Sitt ned tragiker	22 010	
Haugtussa	214 700	
Vakkert	224 530	5 795
Nei takk begge deler	13 325	
Boka mi	195 420	
Teater Alena	58 680	
Deilige utsikter	196 980	
Berre kjærleik og død	20 350	
S M XL	391 987	
Eventyrreiser	8 500	
Sluttspel	33 100	
Oleanna	45 075	
Vi lever 25 minutter for sent	392 200	
...og barnlige lyst...	23 105	
There	27 075	
Sum	2 763 095	5 820

Note 3 Godtgjersle

For perioden 01.01.01 til 31.12.01 er det utbetalt honorar til styret med kr. 36 330,-.

Løn til teatersjef kr. 455 303,-.

Revisor har motteke følgjande godtgjersle for ordinær revisjon kr. 20 000,- og kr. 4 000,- i konsulent honorar.

	2000	1999
Lønningar	7 064 480	7 305 982
Arbeidsgivaravgift	1 076 163	996 101
Pensjonskostnader	792 873	490 071
Andre ytingar	863 590	1 100 529

Note 4 Lønskostnader

Note 5 Pensjonsforpliktingar

Ordinær tenestepensjon

Teateret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Ytingane går fram av tariffavtalen i kommunal sektor og dei tilfredstiller kriteria for den såkalla "multiemployerplan" ved at den aktuarmessige risiko er fordelt mellom selskapa, kommunane og fylkeskommunane som deltar i ordninga. I tråd med internasjonal praksis for slike Multiemployer - planer er den rekneskapsførde årlege pensjonskostnaden i år 2000 lik påløpt (netto) pensjonspremie. Framtidige utgifter vil bli påverka av risikomessige over - eller underskott på nåverande og tidligare tilsette ved Teatret Vårt og i andre kommunar/foretak som inngår i ordninga. Utgiftene vil også være påverka av avkastning, lønnsvekst og utviklinga i grunnbeløpet i folketrygda.

AFP

I tillegg til den ordinære tenestepensjonsordninga kjem ytingar i form av avtalefesta pensjon til aldersgruppene frå 62 til 66 år.

AFP før 65 år dekkes på pay-as-you-go basis gjennom ein utlikningsordning der alle arbeidsgivarar innanfor den enkelte arbeidsgivarorganisasjon betaler same tilskott i prosent av pensjonsgrunnlaget. Ordninga tilfredstiller kriteria til å bli kalla ein Multiemployer plan fordi den inneheld utlikningsordning av risiko mellom alle foretaka, kommunane og fylkeskommunane som deltar i ordninga. I tråd med internasjonal praksis for slike Multiemployer - planer er den regnskapsførde årlege pensjonskostnaden i 2000 lik det faktiske tilskottet. Tilskottet av 0,7 % av pensjonsgrunnlaget i 2000.

Dei berekna forpliktingar knytte til framtidige AFP pensjonen med påslag for arbeidsgjevaravgift utgjær kr 970 000.

AFP etter 65 år er dekket med same tilskott i prosent av pensjonsgrunnlaget for alle arbeidsgivarar uavhengig av arbeidsgivarorganisasjon, og inngår i den (netto) påløpne pensjonspremie som tidligare omtalt.

Note 6 Ekstraordinær kostnad

Den ekstraordinære kostnaden på kr 181 944 består av fylgjande kostnadselement;

Avvikling av Reknesparken Sommerteater AS, nedskrivning av aksjekapital på kr 115 000.

Innfri lån for Reknesparken Sommerteater AS medførte ein ekstra kostnad på kr 56 458.

Sanering av vår fordring hos Stiftelsen Ålesund Teaterfestival med 40% medførte ein kostnad på kr 10 486.

Note 7 Aksjar og andelar

Aksjane i Reknesparken Sommerteater AS er nedskrivne til 0 då selskapet er under avvikling.

Anleggskostnader 01.01.01	3 557 852
+ tilgang i året	393 227
Anleggskostnader 31.12.01	3 951 079
Tidligere avskrivningar	2 317 692
Årets avskrivning	224 000
Bokført verdi 31.12.01	1 409 387

Note 8: Varige driftsmidler

Anleggskostnader 01.01.01 + tilgang i året

Note 9: Aksjar og aksjonærer

Selskapet sin aksjekapital er på kr. 550 000,- fordelt på 275 aksjar á kr. 2 000,-.

Aksjonærer er:

Møre og Romsdal fylkeskommune,
132 aksjar,

Molde kommune,
132 aksjar,

Norges ungdomslag, Møre og Romsdal,
11 aksjar.

Molde den 16. april 2002

Elen Lein
styreleiar

Per Kåre Trenbøreid
nestleiar

Ottar Brage Guttelvik

Heidi Løkingholm

Gunnar Hals

Arild Hervik

Vivi Sunde

Carl Morten Amundsen
teatersjef

Sigmund Harneshaug Statsautorisert revisor

Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Telefon: 71 11 14 51
Telefax: 71 26 18 09
Telefon: 71 11 10 00 –hovedkontor
E-post: sigmund.harneshaug@molde.kommune.no
Revisornr.: 982 517 951

Til
Generalforsamlinga i AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Sted/dato

Molde, 16. april 2002

REVISJONSMELDING FOR 2001

Eg har revidert årsrekneskapen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal for rekneskapsåret 2001 som syner eit årsoverskot på kr 1 906 973. Eg har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet.

Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Min oppgåve er å vurdere og uttale meg om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Eg har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at eg planlegg og utfører revisjonen slik at han gir meg den tryggleiken eg treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Eg meiner at revisjonen min gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Eg meiner at:

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk.
- ♦ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk.
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Sigmund Harneshaug
Statsautorisert revisor

STATISTIKK 200 I

Produksjon	Framsyingar	Publikum	For barn og ungdom	
			Framsyingar	Publikum
Kaféteater	16	1361		
Hedda Gabler	47	6937		
Flammefjes	29	2143		
Sitt ned tragiker	4	220		
Haugtussa	11	1488		
Vakkert	16	1770		
Nei takk begge deler	6	122		
Boka mi	109	6007		
Teater Alena	39	1016		
Deilige utsikter	12	1520		
Berre kjærleik og død	5	172		
Sluttspel	9	618		
Oleanna	12	413		
Vi lever 25 minutter for sent	73	8026		
...og barnlige lyst...	3			
There	227	28 519		
Eventyrreiser				
S M XL				
Sum				

Framsyingar og billettinntekter

Publikum	28 519
Framsyingar	227
Billettinntekter	2 685 563
Gj.snitt inntekt pr.bill.	94,17

Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter	3 234 022
= prosent av totale driftsutgifter	19,06

Tilskott

Staten	10 773 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	2 308 500
Molde kommune	2 308 500
Andre tilskott	0
Samla tilskott	15 390 000

Fast tilsett personale

Teatersjef/administrasjon/marknad	8
Skodespelarar	3
Teknisk personale	7
Amatørteateravdeling	1
Totalt fast tilsette	19
Utgjer 17 heile stillingar	

Deltidstilsette

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 77 personar på deltid i løpet av året.

REPERTOAR 2001

Sluttspel

Ein samproduksjon med DukkeSpilleriet.
Av: Samuel Beckett.
Omsett av: Bjørn Endreson
Idé og regi: Randolph Walderhaug
Medvirkende: Randolph Walderhaug og
Jorunn Myhre

Premiere på Trappeskulen i Vestnes,
11. januar 2001

Forestillinger: 9
Publikum: 618

Haugtussa

Tekst: Arne Garborg
Musikk: Edvard Grieg
Medvirkende: Ola B. Johannessen, Anne
Lise Berntsen/Lone Eines og Asgeir
Hoffart

Festframsyning i Aasen-tunet 24. januar.
Turné i Møre og Romsdal.
Forestillinger: 11
Publikum: 1488

Oleanna

Av: David Mamet
Regi: Erik Ulfsby
Scenografi: Milja Salovaara

Medvirkende: Randolph Walderhaug og Ane
Dahl Torp

“*Oleanna*” hadde premiere 19. august 2000
Forestillinger 12
Publikum 413

Sitt ned tragiker

Idé og regi: Gard B. Eidsvold og Nina E.
Wester.
Medvirkende: Gard B. Eidsvold
Musikkarar: Frode Berntzen, Maja Bugge og
Fredrik Øie Jensen

Forestillinger 4
Publikum 220

Hedda Gabler

Av: Henrik Ibsen
Regi: Svein Sturla Hungnes
Scenografi og kostymer: Birgitte Lie
Medvirkende: Ane Dahl Torp, Anders
Mordal, Vivi Sunde, Tiril Pharo, Erik Ulfsby,
Randolf Walderhaug og Bergliot Rørvik.

Premiere: 15. mars 2001 i Parken Kulturhus
under Ålesund Teaterfestival

Forestillinger 47
Publikum 6937

BokaMi

Litterært program for skolen i samarbeid
med fylkeskommunen. (Kulturnista).
Forestillinger 109
Publikum 6007

Deilige utsikter

Idé, opplegg og regi: Carl Morten
Amundsen

Medvirkende: Ane Dahl Torp, Anders
Mordal, Erik Ulfsby og Tiril Pharo

Musikkarar: Espen Jørgensen Bjarnar,
Espen Krumpolc, Sven Are Ellingseter og
Arne Torvik.

Forestillinger 12
Publikum 1520

Berre kjærleik og død

Gjestespel frå Trøndelag Teater
Av Ingar Sletten Kolloen basert på Tor
Jonssons liv og diktning.

Regi: Nora Evensen Musikk: Jarl Strømdahl
Medvirkende: Wenche Strømdahl og Bjørn
Jenseg

Forestillinger 5
Publikum 172

Vakkert

Ein samproduksjon med Det Norske Teatret
Av: Jon Fosse
Musikk: Knut Reiersrud
Regi: Kai Johnsen
Scenografi: Kari Gravklev

Medvirkende: Reidar Sørensen, Svein Roger
Karlsen, Heidi Gjermundsen, Morten
Espeland, Hildegunn Riise og Gøril
Haukebø

Forestillinger 16
Publikum 1770

Flammefjes

Av Marius von Mayenburg
Omsett av Øyvind Berg

Regi: Bjarte Hjelmeland

Scenografi og kostymer: Thomas Bjørnager

Medvirkende: Aksel Hennie, Ane Dahl Torp, Randolph Walderhaug, Gøril Haukebø og Jan Sælid

Premiere: 6. oktober 2001 i Teaterhuset Forum, Molde.

Forestillinger 29
Publikum 2143

Teater Alena

Framsyningar av og med Lasse Åkerlund .

Forestillinger 39
Publikum 1016

There

Gjestespel med Jo Strømgren Kompani
Medvirkende: Jan Ivar Lund, Espen Reboli Bjerke, Thorbjørn Harr og Kyrre Texnæs

Forestillinger 2
Publikum 179

...og barnlige lyst...

Ope hus med samansette program for barn og familiar. Juleverkstad og ulike aktiviteter.

Forestillinger 3
Publikum 360

Vi lever 25 minutter for sent

ei framsyning basert på Kurt Schwitters diktning.

Regi: Carl Morten Amundsen

Opplegg og omsettjing: Vivi Sunde

Med: Bjørnar Teigen

Musikkarar: Knut Ivar Bøe og Ingunn Linge Valdal

Forestillinger 73
Publikum 8026

Nei takk, begge deler

Gjestespel frå Rogaland Teater

Av Michael Frayn

Med: Signy Sandsberg og Espen Hana

Forestillinger 6
Publikum 122

Kaféteater og andre arrangement

3. jan. *"Haugtussa"*

20. jan. *"Hva er det med Beckett?"*

17. feb. *"Hva er rasisme?"*
Tahar ben Jellouns lille bok
"Samtaler med min datter".
Arrangementet er til minne om Benjamin Hermansen.

3. mars *"Evigheten varer lengst, men man kan aldri vite"*
Foredrag/lysbilder om Kurt Schwitters av og med Terje Thingvoll.

17. mars *"Offentlig kunst, til konfrontasjon eller til bebag"*
Foredrag/lysbilder ved museumsdirektør Øystein Laundal
I samarbeid med Molde Kirkeakademi

5. mai De tre små Bukkende Grise
"- i krig og kjærlighet"

22. sept. *"Boka fyller avstanden"* Endre Ruset
las egne dikt. Musikk ved Heine Bugge

6. okt. *"Musikalsk formiddagsstund"*
Operaen i Kristiansund presenterte musikalske småstykker. Med: Bera Skorpen, Bente Dyrhaug og Oddvar Hjelde

20. okt. *"Vi lever 25 minutter for sent"*
ei framsyning basert på Kurt Schwitters diktning.

3. nov. *"Det usynlige teatret"*
Kåseri av Carl Henrik Grøndal
frå NRK i forbindelse med NRK Radioteatrets 75 års jubileum.

17. nov. *"I blanke messingen"*
Program frå Operaen i Kristiansund

Forestillinger 16
Publikum 1316





AMATØRTEATERDRIFTA - KURSAVDELING

Amatørteateravdlinga har hatt redusert aktivitet grunna sykdom. Frå 1. juni har arbeidet vore utført med ei 20% stilling.

Oppgåvene har vore mange og omfattande. Utleige av kostyme, rekvisita, lys og manus. Avdelinga har gitt instruksjon, kurs og rettleiing til amatørteater og lag, samt andre interesserte.

Samarbeid med kulturskulane

Teatret Vårt, Norsk Kulturskuleråd og Høgskulen i Volda har i samarbeid bygd opp den faglege kompetansen for teaterfaget i kulturskulane i Møre og Romsdal. Målet har vært å kunne innby til eit 10 vekttal studium i teater og drama.

Landets kulturskular har gjennom målretta arbeid oppnådd å bli eit lovfesta tilbod i alle kommunar. I utgangspunktet har musikkfaget stått i fokus i denne prosessen, og det har blitt bygd opp ein musikkfagleg kompetanse som er unik i europeisk samanheng. Fleire kunstfag skal inn i Kulturskulane, og det tek tid å byggje opp ein tilsvarande kompetanse. Det er viktig å knytte det profesjonelt utøvande kunstmiljøet til kulturskulen. Å oppleve profesjonell formidling er grunnleggjande i alt arbeid med kunstfaga, og Teatret Vårt er i den samanhengen ein viktig ressurs for teaterfaget i kulturskulane. Desse tre institusjonane kan på kvart sitt vis ivareta dei ulike aspekta ved ei profesjonell formidling. Vi vil kunne følgje opp intensjonar som er lagt i til dømes "*Broen og den blå besten*" der Kulturdepartementet og Kyrkjeutdannings- og forskningsdepartementet

legg føringar for å styrke samarbeidet mellom profesjonelle kulturinstitusjonar og lokalmiljøet

Desse er med i styringsgruppa:

Teatret Vårt

· Carl Morten Amundsen, teatersjef

· Mette Mjelve, prosjektleiar

Høgskulen i Volda

· Sigrun Meisingset, lektor i drama/teater

Jugendteateret

· Olla Rypdal, dagleg leiar

Vestnes Musikk- og kulturskule/Norsk

Kulturskuleråd i Møre og Romsdal

· Elsa Rypdal, rektor

Kursa

Vi har prioritert eit rikhaldig kurstilbod innan faga i teaterproduksjonen. Våre kurslærarar har hatt høg kompetanse innan faget sitt. Tilbodet skulle i første omgang gå til lærarar i musikk- og kulturskulane i Møre og Romsdal, som ein forsmak på kva som kunne vente dei ved eit studium, 10-vekttal teater og drama. Vi har hatt ein del lærarar, men det har og vore stor interesse blant medlemmar i amatørteatermiljøet, kunstnarar og andre.

UTLÅN

Utlån	1997	1998	1999	2000	2001
Teknisk	30	40	20	12	
Kostymer	50	70	50	40	
Manus	125	130	105	72	

FYLKESREGIONALE KURS DEI SISTE FEM ÅRA

Kurs	1997	1998	1999	2000	2001
	0	4	0	3	

PERSONALET PÅ TEATRET VÅRT 2001

Skodespelarar:

Randolf Walderhaug	fast tilsett
Vivi Sunde	" "
Gøril Haukebø	" "
Ane Dahl Torp	heile året
Tiril Pharo	01.01. - 15.07.
Anders Mordal	01.01. - 15.07.
Bjørnar L. Teigen	14.08. - 31.12.
Mads Ousdal	26.11. -
Aksel Hennie	01-08. -
Jan Sælid	01.08. - 30.11.
Erik Ulfsby	01.01. - 15.07.
Pål Rønning	(siviltj.pl.)

Teknisk:

Bjørn Kalvatsvik	inspisient
Mathias Hammerø	verkstad
Finn Landsperg	lysmester
Svein Larsen	scenemester
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Åshild Mjåseth	leiar systove
Gerd G. Austnes	systove
Øyvind Woldstad	(siviltj.pl.)

Administrasjon:

Carl Morten Amundsen	teatersjef
Knut Lidvard Høgset	administrasjonssjef frå 01.04.
Borghild Rosvoll	salsleiar
Rolf-Inge Pedersen	informasjonsleiar
Eldrid Karin Larsen	amatørteaterleiar (permisjon)
Mette Mjelve	kurskoordinator
Mary Farstad	administrasjonskonsulent
Evy Johannessen	administrasjonssekretær
Oddbjørg Heggdal	billettsekretær
Rune Digernes	billettsekretær frå 21.08.

Totalt faste/deltidsansatte 91.

«Teatret Vårt»

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no